

Sunnhordland

handball
ekstral

BILAG TIL SUNNHORDLAND 28. MAI 1993



Lengste toget i Sunnhordland

Handballfestivalen på Stord er blitt ei massemenstring kring denne populære balleiken. I pinsen vert festivalen skipa til for fjerde gong, med rekordoppslutnad. 3000 spelarar/teiarar er

på plass i det lengste toget sunnhordlandsbygdene nokon gong har sett, når deltakarane laurdag førmiddag marsjerer inn på Leivik torg der den offisielle opninga finn stad.



VM '93

KATTAMI TIL HANDBALL- FESTIVALEN

Kattami. Ja, den kjem til Stord under årets handballfestival, og vil vera med på opningsseremonien laurdag. Til dei som ikkje veit kven Kattami er, så kan me seia at det er symbolet som skal nyttast under VM i handball i Noreg hausten 1993. I følge handballpresident Tor Lian vil denne katten bringa lykke.

SKARPSKYTING MED SUNNHORDLAND

sida 7



LANDSLAGS- TRENAREN SOM HATAR FJUSKI

Harald Gundersen



HANDBALL

VELKOMMEN TIL STORD TURN- & IDRETTSLAG



Det er ei glede for meg å få ønska dåke alle hjarteleg velkommen til Handballfestival '93.

Idrettslaget er stolte over at så mange, unge idrettsutøvarar tar turen til vår vakre øy i pinsa.

ST&I er eit fleiridrettslag med ialt 12 grupper innan fotball, friidrett, symjing, skesser, ski, volleyball, basketball, handicap, idrettskule, orientering, turn og sjøsvags handball.

Me har nær 1800 medlemmer i laget vårt som representerer omlag 12% av innbyggjarane i Stord kommune.

For tida jobbar me aktivt med prosjektering av ny idrettshall som skal stå ferdig til 31. 12. 95, til ein pris av 18,3 mill. kroner.

Du skal vita at du alltid er velkommen til vårt idrettslag.

Med sportsleg helsing
Harald Karlsson
leiar

VELKOMMEN TIL STORD



Det er ei glede å kunna ønska spelarar, foreldre, lagleiarar, dommarar og alle handballvenner hjarteleg velkommen til Stord i pinsahefta.

Handballfestivalen på Stord er berre tre år gammal, men alt så godt kjend og omtykt at delikartalet aukar fortare enn ein kunne drøyma om.

Æra for det skal dei dugande tilskiparane i handballgruppa til Stord Turn- & Idrettslag ha. Dei har sett at like viktig som det sportslege for ein slik festival, er den sosiale delen og omsuta for spelarane utanom kampene.

Stord kommune har frå første stund støtta festivalen ved å stilla anlegg og bygningar til disposisjon. Det er ei måltjing for kommunen å byggja opp anlegg til idretts- og fritidsformål, fordi ein ser verdien av alle dei aktivitetane som blir skapte i tilknytning til slike anlegg. Det er gledeleg å sjå korleis handballfestivalen utnyttar anlegga til glede både for gjestande spelarar og for lokalumfunnet.

Lukke til med kampene og med opphaldet på Stord.

Jakob Gullberg
Kultursjef

Sunnhordland Handballekstra

Tekst: Runar Øvrbø - Foto: Tor Rønner
Bilag til Sunnhordland 28. mai 1993 - Oppslag: 11.000

SOLID STØTTE



Me kan få til det beste med den starta me har fått både frå bedrifter og kommune. Her er det vilje til å få til det beste. Det er lett å vera idrettsleiar når du har gode hjelparar på laget. Det er ikkje berre me i handballgruppa som er stolte, men heile lokalsamfunnet kan vera stolte over eit slikt kjennearrangement. Alle som er med gjer ein kjempejobb.

Sjølv om handballfestivalen går bra, er me heile tida opptatt å bli betre. Og med ny hall i 1995-96 vil me ha ein godare større potensial til å gjera handballfestivalen betre.

Me vonar at alle som kjem til Stord vil ha nokre fine dagar, og reisa frå øya med gode minner. Det kan bli trang om plassen, men gjer alle sitt til at det skal bli bra - då går det bra. Velkommen.

Leiar i Handballgruppa
Magne Justein Mikkelson

TOVE PÅ TELEFONEN



-Hallo det e Tove.

Telefonen kimer og Tove har tusenvis av gonger letta av røyret. Tove Aas Lindahl har jobba med Handballfestival for fult dei siste månadane. Frå sitt kontor i stadionhuset har Tove svara på spørsmål frå spente festivaldeltakarar. Dei spør om overnatting, om

trøgdag og om korleis skal me komma oss til Stord.

Tove har og jobba feittrisk med å finna folk til å laga vaffeløser, til å ha vakt osv. I ei hektisk tid der mykje skal ordnast på kort tid, heid Tove roen og humøret.

Og vil nok drøyma still om Handballfestival når det heile er over etter pinsahefta.

...Hallo det e Tove!

NØKKELPERSONAR



Fritid
Overnatting
Daglig kontakt
Frukost
Middag
Kiosk
Buss
Trygghet
Speser / Økonomi
Handballgruppa

Målfrid Nørbakken
Ade Ambie
Tove Aas Lindahl
Bente Hystad
Anne Karin Lillabø
Kjetilfrid Lie Økland
Jostein Bøhn
Hans Aaserud
Magne Justein Mikkelson
Arne Sletten

Frå desse komiteane yrer dei av «nøkkepersonar» som har lagt ned mange timar for at handballfestivalen skal kom vel i bunn.

LANDSLAGSTRENAREN SOM HATAR FJUSK

Fødd: 30/7 - 1955

Yrke: Adjunkt/ Landslagstrener på heitid

Lønn: ?

Bil: Honda

Merittar: 137 A- landskampar (10 mål i kamp nr. 100 mot Sverige)

Spelende trenar i: Sandefjord, Fredensborg/Ski og Skiens Ball

Spelar i: Kolbotn, Herulf og Fredensborg/Ski

NM: 2 sagn spelar og 2 som trenar

Seriemester: Ein gong som spelar og ein som trenar

Vinnar av sluttspel: 2 som spelar

- Det som provoserer meg mest er slurv. Eg hatar fjusk. Det får meg til å tenna i botn.

- Utafor banen er eg ein roleg person. Men straks det handlar om kamp, stig adrenalinnet. Eg er nok eit følelsesmenneske. Som trenar prøver eg å vera så ærleg som mogleg, seier Gunnar Pettersen, som er kjent for å sei meininga.

Han stiller strenge krav til spelarar og til seg sjølv.

- Eg er alltid godt førebudd.

Den store draumen

Kvifor tok du jobben som landslagstrener?

- Det har vore den store draumen. Men då eg fekk tilbod om jobben i 1989, kom det tidlegare enn eg hadde rekna med. Eg hadde vore assistenttrenar på landslaget frå 1987, men det kom overraskande då eg fekk hovudansvaret.

Noreg var ein C-nasjon. Men eg såg store utfordringar i dette manskaper. Ellers hadde eg aldri tatt jobben, seier Gunnar Pettersen.

Og ærlege Gunnar P starta arbeidet, og tok herrene rett opp i A pulja. Gjennom god innsats i Finland og Østerrike.

Nedtur

Men A. VM blei ein nedtur og antikkimaks?

-Reint resultatmessig kan ein seia det. Marginane var berre ikkje på vår sida. Me var nære på i fleire av kampene, og spela jamnt med toppnasjonar.

- Etter at me rauk ut og kom på ein trettande plass skulle ein tru det blei slakt i avisene. Men dei gav oss god støtte, og synte å forstå vår innsats og gav uventa og god støtte i ein tung periode.

Tøff tid

Tida etter Sverige blei tøff. Den prøvinga vil eg ikkje ha om att. Handballforbundet la eit tilbod på bordet som innebar ein stor nedgang i løna. Det var aldri snakk om nokon fagleg vurdering om kva jobb eg hadde gjort i Sverige. Klima til forhandling var borte, seier Gunnar Pettersen om den tunge tida etter VM i Sverige.

Men handball-Noreg samla seg og ville ha Gunnar P attende til landslaget. Det blei ein viktig sak under handballtinget i Oslo. Landslagsutvalget tok signala og kalla den populære landslagsjefen inn på teppet til nye møter.

- Me har starta med blanke ark. Alt er ordna opp. Og me skal no gjennom ein vurdering av VM. No ser eg vidare fram mot EM og eventuelt VM i 1995. Bortsett frå Karl Erik Bøhn og Øystein Håvang så kjem alle spelarar til å fortsetta. Eg har ikkje heilt gift opp Øystein, kjem det optimistisk frå Gunnar P.

Sa ja til Stord i Barcelona

- Det var Arne Steinsvåg som var fyrst ute og spurte, og eg sa ja til handballfestivalen under OL i Barcelona. Eg fekk tilbod av det internasjonale handballforbundet i å holda eit foredrag i Dusseldorf i pinsen. Men eg sa ja til Stord og nei til Dusseldorf. Eg var ikkje i stemming etter alt bråket etter VM.


Kva veit du om Stord og Handballfestival?

- Ingenting. Men eg gler meg til å koma



vestover. Eg har fått melding om at eg skal opna festivalen. Halda foredrag korleis ein skal vinna 3. divisjon. Vidare trenarsamling, der eg vil gie ein gjennomgang kva som skjedde i A. VM sett med mine auge. I tillegg skal eg hjelpe til med målvaktkurset, som Erik Andersen har ansvaret for.

Slike festivaler er positive for deltakarane. Ikkje minst sosialt. Så eg skal gå rundt og kosa meg. Eg tar med borna Anders 6 år og Marte 1 år. Og Arne Steinsvåg stiller nok opp som barnevakt, sluttar Gunnar Pettersen som i pinsen blir å finna på Stord.



HANDBALL- GJESTER MED LANG VEG

120 mil med buss. Det var det som venta J16-laget til Lånke. Jentene frå Stjørdalen set seg på bussen torsdag kveld, og køyrer heile natta for å nå Stord fredag foremiddag. Lang og slitensam reise, i alle fall samanlikna med andre deltagarar på handballfestivalen.

- Me har høyrte mykje positivt om Stord og festivalen, difor kjem me nedover i pinsen, seier lagleder Bjørn Haugen frå Lånke. Jentene har jobba og stått på for å ståle inn pengene til turen. Og no er forevartingane borte. Me gler oss til å koma til Stord.

STØRSTE TOGET I SUNN-HORDALAND

Defileringa og innmarsjen på torget laurdag føremiddag blir litt av eit syn. Rundt rekna vil det dreia seg om 3000 personar som skal marsjere frå Leirvik skule. Sjølv sagt med Gerhard Hauge i spissen. Det vil bli som ein long orm som vil bukta seg ned mot torget. Utan tvil det lengste «17.mai toget» med glade handballspelarar. I alle regnbogens fargar. Mot fram. Det blir lenge til du ser nokø finare (faktisk ikkje før neste Handballfestival) God tur Gerhard. Du har mange i ryggen, og tusenvis av meter med tog.



LIV OG RØRE I BORGGATA

Det vert livt i Leirvik Sentrum laurdag. Defileringa av 3000 handballspelarar og leiarar på Torget og oppover Borggata vil det yra med musikk og aktivitetar. I år vil det og vera Skarpskyttar-tevling, der pengene som kjem inn

vil gå til Røde Kors hjelpekor. Rykte ne vil og ha det til at ein kan lea seg etter musikk i øvre del av gata Her er det snakk om Te-dans.

Her er det snakk om Te-dans.

FESTIVAL-RADIO



Handballfestivalen har mange bein å stå på. Handball-avis og handball-samba.

Om ikkje dette skulle vera nok. Det blir eigen handballradio, så lenge festivalen pågår. Her vil Radio Stord ha reine Handballfestivalensendingar direkte frå der det skjer. Festivalradioen vil heile tida halda deltakarane orientert om resultat og ge viktig informasjon. Og sjølv sagt vil det vera mogleg å senda helsingar. Vel møtt på lufta.

ALTI RUTE

Føresinkingar er alltid lriterande. Men når det gjeld HSD og Handballfestival er alt i rute. Iovar rutesjef Hauge ved HSD-bilane på Stord. Bilavdelinga låner ut store deler av parkeringsplassen sin på Vabakken til handballfestivalen. Fire banar er oppmerka på området.

Berre detaljar står att før det brakar los. Me har utvida plassen vår, og det gir ein ekstra bane. Det blir sjølv sagt litt ekstra bry med å fjerna bussane slik at banane blir klar. Men det gjer me med glede. Det har alltid gått flott føre seg, og inga herverk har skjedd på området under festivalen, seier Hauge.

TRANGT OM Plassen

Alle skal få plass til å sova, men det blir trangt om plassen. Me må skaffe plass til cirka 2000, seier Atle Amble. Fem skular blir tatt i bruk for å gje liggeplass til alle tilreisande. I tillegg skal det plasserast spelarar i Kulturhuset og Turnhallen.

Alle vil bu nærmost mogeleg banane, og der sosiale det skjer, seier Atle Amble. For at alle skal få det ynkjet oppfylt, må det stuaast tettare enn tidlegare. 24-25 på kvart klasserom.

Trang, men sosialt kjem det til å bli. Og der det er hjarterom er det husrom. Skulle det oppstå problem på overnattingstadane har me Tjodnialo og Aker Stord i reserve, lovar Atle Amble.

500 BRØD

Det er ikkje små mengdar mat som går til når det handlar om frukost. Berre sjå på denne lista:

500 brød (Litt av ein jobb å skjera brød), 130 kg ost, 100 kg syltetøy, 60 kg skinke og 8000 3 dl med mjølk. Blir det sol frå skyfrihimmel, vil brusen få bein å gå på. Det blir antyda 380 kassar med brus, som skulle bli 9120 flasker.

GOD MAT

«Uten mat og drikkje duger beltet ikkje», seier ordtaket. Det same seier «sjefskokkane» for årets handballfestival.

Ingen av dei 2300 handballspelarane skal gå svoltne frå bordet. Og maten blir gantieri god. Alt frå heimalaga kjøttkaker til eksotisk gryterett. Nærmare 7000 kjøttkaker vil bli ned, og 700 liter med herleg betasuppa vil gå med for å metta svoltne handballmunnar. 17 kokkar vil til ei kvar tid stå på for at matservinga skal gå greit, og at alle får det dei skal.

Eg har berre positivt å seia om deltakarane. Køane blir greit. Og skin sola kan det bli mat i det fri seier ansvarleg for middagen, Anne Karin Littløv. Som har satt opp følgjane meny til årets handballfestival.



Meny
Laurdag: Kjøttkaker
Sundag: Betasuppa
Måndag: Gryterett

TURNERINGS-EIDEN

Som representant for spelarane lovar eg under festivalen:

- Å spela så godt eg kan
- Å oppmuntra medspelarar
- Å visa respekt for domaren
- Å retta meg etter hjarane
- Å ta avstand frå alle forne for doping
- Å kjempa med «Fair Play»

Eg lovar:

- Å tola å tappe
- Å tola vinna

Under opningsseremonien på torget laurdag, har Kristine Aaland og Ole Molvær fått i oppgåve å seia turneringsviden. Kräfte og Ole spelar på J12 og G12 lag til Stord.

Det blir spennande med så mykje folk på torget, seier Ole.

Men me gleder oss, seier Kristine. No skal begge leggja seg i hardtrening for opningsseremonien. Då skal det koma på ramme lovar Ole og Kristine.



Coca-Cola light

MILJØKLUBBEN BRØNNDALEN

Få klubbar er betre samansveisa enn Brønnålen frå Bergen. Som ein stor familie held dei saman i tjukt og tynn. Brønnålen er med på Festivalen for å sveisa saman klubben. Kort sagt laga eit godt miljø. Men Brønnålen tenkjer ikkje berre på sine egne spelarar og trenarar. Brønnålen går heller ikkje av vegen for å laga glede og kos for andre. Det var vel nettopp Brønnålen som gav arrangørklubben Stord ideen om grillfest. Då det kokte som mest under festivalen, løysa Brønnålen opp med grillmat og salat. Tønen var slått an, og Brønnålen fekk og Fair Play det året. Ryktene frå Bergenskannten fjorden vil ha det til at denne glede-spreiaren av ein klubb, også i år har noko på lur. Kva Brønnålen stiller opp med er førebels hemlegstempla.



FRITID — NOKO FOR ALLE

Åtte hundre kampar skal spelast under sjølve festivalen. Men Handballfestival er ikkje berre kamp og alvor. Spelarane skal og ha eit variert tilbod i fritid. Dei tilreisande skal ikkje gå rundt å kjeda seg desse tre dagane på Stord.

«Nei, her er det mykje å ta seg til og veita mellom», lover fritidsleiar Målfrid Nøstbakken. Berre sjå.

- Basseng laurdag og søndag (Kulturhuset og i Idrettshallen)
- Hesteridning ved Vikastemmo (søndelandsmen)
- Grillfest med levande musikk av Chiclets
- Padling
 - Skarpskytarteving
 - Diskotek
 - Opningssermoni på torget



HJELP Å FÅ FOR DET MESTE

Mykje rart kan sjå på ein Handballfestival. Men festivalleinga har tenkt

på det meste. Nytt av året er at du får hjelp også om Karius og Baktus skulle slå seg vrang. Tannpine er ingen spøk. Men tannlege Torr Haaskjold stiller sporty opp, og er klar til å ta knekken verken. Lege og hjelpekorps står og stand by og er klar til å ta seg av det meste. Det me håpar er sjølv sagt at «medisinnemene» våre får minst mogleg å gjera desse tre pinsedagane

ALLE SKAL KJENNA SEG TRYGGE

Alle foreldre som sender sine born til Handballfestivalen skal kjenna seg trygge, og vita at deira podar blir tatt vare på 24 timar i døgnet.

«Målet vårt er at alle skal kunna sova godt og føla seg trygge. Me har vår eigen tryggleiksorganisasjon. Trafikkvakter og tilsynsvakter rundt på skulane. Me har og eit tett samarbeid med Hjelpekorps, politi, tannlege og lege, seier Hans Aaserud som har

saumfart heile Leirvik og Stord etter personar som skal tenkje tryggleik «tri dagar til endes».

Totalt er det mellom 70-80 personar som er involvert. Me har prøvd å tenkja på alt som kan oppstå. Det vert som kan sjå er trøbbel med personar som ikkje er med på festival men som berre er ute for å laga kvalme, seier Hans Aaserud.



HANDBALL-SAMBA

No e da pinse med handball på Stord. Mange e komme frå sør og frå nord. Her ska me kjempa om seier og ros.

Me gjer oss alle te fest og te kos.
Ref: Handballfest på Stord
Ein munter ungdomsgjeng,
tar poeng - mål i fleng
Handballfest på Stord
Slik e vårt handballrefreng

Nokre vil vinna, mens andre blir slått.
Me vonar alle vil ha det heilt topp.
Ein ting e sikkert, ja sann våre ord.
Handball e sporten for liten og stor.

Ref:

Tonnettar: Torleiv Agdestein
Tekstforfattar: Olav Skjerven/Per Øystein Kannelønning.
Nemnde tre karar plus Åge Ottosen spelar i «festivalorkesteret» Chiclets. Dei blir å høyra på Tøgn ved opninga og på grillfesten.

Coca-Cola light

RIVAL-INVASJON

Haugesundklubben Rival blir den største troppen som kjem til Stord. Dei raude og kvite Rivalfargane vil syna godt att under innmarsjen på Leirvik Torg laurdag, og elles rundt på banane. 17 lag stiller Rival. Og mange av laga vil vera med å kjempa om finaleplassar og flotte pokalar.

Rival har og mykje å forsvare når det gjeld prikkfri framferd. Under fjorårets festival, stakk haugesunderne av med Fair-Play flagget. Dette fekk dei for si flotte framferd på og utanfor banane. Spelarar, trenarar og foreldre var supre representantar for klubben sin. Kjenner me Rivat-ånden vil dei i år og satsa alt på å halda Fair-Play-flagget i Haugesund. Vel møtt til dyst Rival.



ADELSKALENDER

	1990	1991	1992
G12	BJARG	KJØKKELVIK	TERTNES
G14	ÅKRA	AVALDSNES	BJARG 1
G16		KJØKKELVIK	LANGEVÅG
G18	STORD	STORD	AVALDSNES
J12	GIV/AKT	AVALDSNES	BJØRNAR 2
J14	GIV/AKT	VADMYRA	VADMYRA
J16	STORD 2	ÅKRA	BRYNE
J18		STORD	STORD
PUH		VADMYRA	STORD
FAIR PLAY:	KJØ.VIK	BRØNNDALEN	RIVAL
BESTE KL:	GIV/AKT	ÅKRA	AVALDSNES/ BJØRNAR



FESTIVAL-VETERAN

Klart eg skal på Handballfestival. Det er gøy det, kjem det spontant frå Nore Neset-spelaren Ann Kristin Helgøen. For Ann Kristin er ikkje Stord noko ukjent reisemål.

Eg har vore på Handballfestivalen to gonger før. I fjor vann me B-sluttspillet og det var kjempgøy. Ann Kristin spelar på J14-laget som kjem frå andre sida av Bjørnefjorden. Denne glade Nore-Neset-jenta kjem frå ein heilfrest handballfamilie.

Eg kjem til Stord i lag med heile familien for å ha det gøy og slappa av, og sjølsagt spela handball. Me i Nore-Neset er ein glad gjeng som vil markera oss positivt, lovar Ann Kristin Helgøen, som lenge har hatt reise- og festivalfeber.

VISSTE DU AT...

Handballgruppa Stord turn og idrettslag var stifta i 1965. Gruppa har i dag 400 aktive spelarar fordelt på 30 lag. Omsetninga i 1992 låg på 2,1 mill kr. Stord er mellom dei fire største laga i Hordalands-handballen.

2500 personar fordelt på 230 lag er med på Handballfestivalen 1993. Det er fjerdagong Handballfestivalen vert arrangert.

50 dommarar er i aksjon på 17 banar under festivalen. Det vert spela ca 800 kampar.

400 leitarar og foreldre i handballgruppa har sine oppgvervå utføra for at me skal få ein nye vellukka festival.

Under opningsermonien vert det trekt ut to lag som får gratis oppbald ved Handballfestivalen i 1994.

Niermare 13000 iskrem-pinnar vert selt under festivalen.

Grand
Restaurant

Gå til duka
og dekt bord
1. og 2. pinsedag

I pinnehelga kan du slappa av
med ein deilig middag - og
kanskje eit bad i sømjehallen vår.

I den smakfulle spisesalen vår kan du fornya deg frå buffeten med:
• Dagens suppe • Hovsrett • Salatbord med dressing
• Nybakt brød • Dessertbord • Kakebord • Kaffi eller Te

Vi har også eigen barnemeny.
Bordet står dekkja mellom kl. 12.00 og 17.00.

Alt dette for rimelege kr. 125,- per person!
Born mellom 3 og 14 år 1/2 pris. Born under 3 år gratis.

I salongen viser me teiknefilm for borna. Dersom du skal skifta på "minsten", disponerer du eige hotellrom for dette. Gratis tilgjenge til sømjehallen vår for alle middagsgjester. (Badedekke kan leigast i resepsjonen å kr. 5,-)

Velkommen til en hyggjeleg søndag hjå oss!

Grand Hotel

Heile familien sitt hotell
5400 Stord - Telefon 05 41 02 33

BANEOVERSICHT





SKARPSKYTING MED Sunnhordland

Viktig melding til deltakarane på handballfestivalen og til alle andre som trur det er like enkelt å plassera ballen i mål som det er å eta is:

- Det blir skapskyting med handball i år også. For festivaldeltakarane på same plass som i fjor (litt nedfor Idrettshallen) - medan alle andre kan prøva

seg i laurdag frå kl. 1200 til 1400 i Borggata. Målveggen vert plassert mellom Skohuset og Avishuset til Sunnhordland og den som vil testa treffsikkerheten lyt betala minst kr. 10. Då er du garantert å støtta Røde Kors Hjelpekorp og du får diplom. Men kva poengsum som skal pryda diplom

avgjer du sjølv...

På festivalområdet var Skarskytaren eit svært så populært innslag i fjor og over 1000 kasta seg ut i kastkonkurransen. I år må del minst bli like mange og det vert høve til kasting laurdag mellom 1500 og 1900 og sundag mellom 1100 og 1700.

100 poeng er topp-score, som det heiter og det var faktisk fleire som plasserte fem ballar i hjørnene i fjor. Dei festivaldeltakarane om kjem over 90 poeng garantert ei flott Sunnhordland T-skjorte. For festivalfolket er det gratis å kasta og alle får flott diplom

HANDBALL — KORT FORTALT...

KVEN GJER KVA?

MÅLVAKT: Målvaktia er det lite å seia om. Oppgåva er grei: Redda kvart einaste skot som kjem.

VING: På kvart lag er det ein hægje og ein venstreving. Å snakka om ein typisk ving, var lettare før. I dag trenar alle stort sett på det same - og kan brukast på ulike plassar. Men vingen er gjerne liten, kjapp og fintesterk. Den spisse vinkelen gjer det vanskeleg å sco- ra. Vingen er difor ofte flink til å sjå målvakta sine svake sider, og plassera ballen etter det.

BACK: Backen er gjerne meir robust enn vingen, men ingen regel utan unntak. Men er spensten dårleg, må backen nesten vera litt høg for å koma til på skot frå ti meter.

Midtbacken har ei spesiell oppgåve. Frå posisjonen midt i laget har han fullt oversyn. Midtbacken gjev beskjedar og er ballfører.

STREKEN: Streken må tola mest «bank» av alle. I posisjonen inne på 6-meteren, midt i forsaret til motstandaren, er du ein «fiende». Streken må kunna snu på ein 5-oring og vera sikker i klypene. Med folk tett innpå heile tida trengst det styrke for å kunna karra til seg ballen.



Nokre reglar

Me tar også med nokre ganske få av dei viktigaste handball-reglane.

SKRITT: Den regelen det vert synda mest mot i Handballfestivalen. Det er

ikkje lov å ta meir enn tre steg utan å «dabba» ballen.

TRAMP: Å trø over 6-meters-streken i angrep.

BROYT: Resultatet av ein mislukka

finte. I staden for å koma forbi motstandaren, spring du han/henne ned.

STRAFFEKAST: Kvart straffespark er ein diskusjon for seg. Sjeldan er alle samd med dommarer. I utgangspunktet er det straffe når du vert hekta med klar bane for mål.

INFORMASJON

STEVNEKONTOR/SEKRETARIAT

Stevnekontoret er i underetasje på stort volleyballbane skole. Kontakt oss om store eller små problemer. Vi svarer på telefon og kaffi til dommere, lagene og foreldre.

Turneringstelefon helde dagene: 05411933

VIKTIG SPORTSLEG INFORMASJON
FINN UT KVA Plass laget ditt KOM PÅ I PULJESPELET PÅ LØRDAG. DÅ ER DET LETT Å FINNA TIDSPUNKT OG BANE FOR KAMPANE PÅ SØNDAG.

TURNERINGSREGLEMENT

I turneringa gjeld NFF kampreglementet for turneringa. G12, G14, G16, J12, J14, J16, J18 spelar puljespel lørdag. Søndag blir laga delt inn i A og B puljer med seriospel. Middag er sett av til finaler. G10 og J10 spelar aktivvinnerte eller NFF sine regler. G18 spelar dobbelt serie.

JG 10 - 12 2 x 10 min.
JG 14 - 18 2 x 15 min (2 x 10 min, lørdag)
PUK 2 x 10 min.

På grunn av sportslige hensyn, baneforhold først og fremst, bør arrangøren demovere måten forandring kamptidene for puljespillet på lørdag til 2 x 10 min for alle klasser.
I dobbeltpuljespillet vil som planlagt, bli på forsiktig for dette.

Mot kampklar 5 min. før kampstart. Ikke pause mellom omgangene.
Hugs trenerforbud i JG 10-12
Ved avgjørelse i cupspillet vil dommeren og første mål være avgjørende. Opp i finalen. Ved poenglikhet i puljespillet skal rekkefølgen avgjøre stik.
1) Målkortene i samtlige kamper
2) Flere scorere mål i samtlige kamper
3) Innebyrdes oppgjør
4) Løsløsteking.
Om ett lag ikke møter til kamp, vinner det andre laget 6-3

LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET:

Starte med ballkast til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelle draktkifte.
Blir kjend med kampprogrammet på lørdag. Vi vil kunne mellom kampe kan bli i minste laget.
Spesiell viling er det å finne ut kva pulje laget "ditt" skal spille i søndag.
Demore det skulle bli nødvendig å protestere, må protesten skrives inn til stevnekontoret senest ein time før kampen.
Protokoll: KJ 200.

JURY: Arne Steingrimsdottir, Ingvald O. Magnusson, Erlend Aam.

DEFILERING

Det er største ønskeleg at alle møter til defilerings lørdag kl. 10.00.

ORDENSREGLAR PÅ SKULANE OG OVERNATTINGSSTADER

- Ein leiar per lag skal overvaka med laget.
- Utover å bruke ballen på klammanområdene.
- Nikostakkball er sjølvstyre basert på skulane.
- Klammanområdene skal ryddast før avreise og eventuelt skader skal laga ansvarleg for.
- Alle laga bør ta kontakt med vakt på skulane for praktisk informasjon.

Eller oppmøder vi spelarane å styta opprette beskjøring. Hugs Fair play pøkkelen blir gjevne til den klubben som totalt vinner den beste oppførelsen.

SAL

Frukost:	40,-
Middag:	30,-
Drikke:	30,-
Skiløretøy:	40,-
Collage-grosser:	200,-
Basseng:	20,-
Overnatting pr. natt:	40,-
Pis:	25,-

Grens overnatting på fredag til lørdag.
Grens lagtransportering. Sjå nedover i defileringsoppsett.

MATSERVERING PÅ UNGDOMSSKULANE

Det som bør på Hysund skule for frukosten tilkjøp.

LAURDAG
Frukost: 08.00 - 10.30
Middag: 13.30 - 17.00
Kjøretøyer

SØNDAG
Frukost: 08.00 - 10.30
Middag: 13.30 - 17.00
Lapshoter

MÅNDAG

Frukost: 08.00 - 10.00
Middag: 12.00 - 15.00
Gryterer med ris
Hugs å rydda etter deg!

PROGRAM FOR FESTIVALEN

Fryntidstid

LAURDAG
TRIPP/REISNINGSPROSDAG 10.00 - 22.00
Dette er flytende skulestaden for denne VM.
"KATTING" blir med på dette reisa.
Lille bilskolestaden i beredings.
STOR DRILLPAST 19.00 - 23.00
Lørdag middag.
5 lag skal bli sett av på grunn. Avslutning til å kjøre på lørdag og lørdag. Gledene eller vil kjøre inn på lørdag.

AKTIVITETSTILBOD LAURDAG

Hesteridning:	15.00 - 18.00
Kampspilling:	19.00 - 23.00
Basseng i skulestaden:	16.00 - 20.00
Basseng i kulturhuset:	16.00 - 20.00

SØNDAG

DISKOTEK I IDRETTSHALLEN 21.00 - 23.00
Aktivitetstilbud, 10.12 og 14 årsklassen.

DISKOTEK/AMBLØTREF 20.00 - 23.30
14.16 og 18 årsklassen, Kulturhuset

AKTIVITETSTILBOD SØNDAG

Basseng i idrettsstaden:	14.00 - 20.00
Basseng i kulturhuset:	14.00 - 20.00

LEIARTREFF

INTER NOR STORD HOTEL 21.00 - 24.00

IMPULSKURS med Gunnar Pettersen og Erik Andersen
Stord Hotel, Lørdag kl. 21.00
A-VM - Målvakta - Spelarutvikling

Stordhallen, Søndag kl. 08.15 - 11.00.
Avslutningsreiser - Målvakta.

PREMIERING TIL BESTE KLUBB

2000,- til beste klubb etter ein spesiell poengskala.
Denne poengskalaen kan ikkje STORD vinne.
JG 10 er ikkje med konkurransen.

Klasser med fleire enn 15 lag (J12, J14, J16, G12)

Vinner:	8 p
Tau:	4 p
Vinner A-pulje:	4 p
Andre lag i A sluttspel:	3 p
Vinner B sluttspel:	2 p
Tau B sluttspel:	1 p

Klasser med 7 - 15 lag (G14, G16, J 18)

Vinner:	6 p
Tau:	4 p
Vinner A-pulje:	3 p
Andre lag i A sluttspel:	2 p
Vinner B sluttspel:	1 p

Klasser med mindre enn 7 lag (G18)

Vinner:	4 p
Tau:	2 p
Treier:	1 p

KLASSEPREMIERING

J10G10PUK

Medalje og diplom til alle deltakarane.

J12J14J16G12G14G16G18

Pokal til nr. 1 og nr. 2 samt eventuelt vinnar av B sluttspillet.

Spelarane på A-finalen får individuelle premiar.

Prisene til beste spelar i alle A-finaler.

Prisene til KLUBBEN med mest eksporterte oppgjør.

J12G12: Diplom til alle spelarane. Lagene hentar desse på stevnekontoret.

SAMLA PREMIESUM: CA. 80.000

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Vi løysar alle transportproblema mellom busane og tilfelle skule. Sjå opplegg i festivalveiva.

RØDE KORS

Personalar er stasjonert på ungdomsskulane, same stund det som ansvarvorne skule.

PARKERING

Sjå kartet i turneringsveiva. Det ikkje bilen for seg inn til busstoppa.

BANEPLASSERING og BANENUMMER

1. IDRETTSHALLEN	10. HSD
2. LITLÅG	11. BR. TILSYNET
3. PAKKETSANEN	12. BR. TILSYNET
4. LERVIK SKULE	13. TORSET
5. ØRULDSANEN	14. HSD
6. ØRULDSANEN	15. HSD
7. ØRULDSANEN	16. BR. TILSYNET
8. ØRULDSANEN	17. STORD UNGDOMSSKULE
9. HSD	

PULJEOPPSETT

J12-01 KOPERVIK BJØRNAR FITJAR BRONNDALEN 2	J12-02 KVINNERAD 2 RIVAL 4 SOLID LØV-HAM	J12-03 MATHOPEN ÅKRA SIF FYLLINGEN	J12-04 STORD RIVAL OS 4 FYLLINGEN 2
---	--	--	---

J12-05 ØYGARD 2 STORD 3 RIVAL 3 ERDAL	J12-06 STORD 5 BRONNDALEN 3 BRYNE ØLEN	J12-07 FYLLINGEN 3 ÅKRA LYSEKLOSTER STORD 2	J12-08 NORE NESET BJØRNAR 2 RIVAL 2 FITJAR 2
---	--	---	--

J12-09 KVINNERAD STORD 4 ÅSANE 3 FLORVÅG	J12-10 ÅSANE BREMNES LINDÅS 2 TERTNES 3	J12-11 TERTNES FLORVÅG 2 OS 3 ØYGARD	J12-12 TERTNES 2 BRONNDALEN KLEPPSTØ NORE NESET 2
--	---	--	---

J12-13 OS KJØKKELVIK 2 LINDÅS ÅSANE 2	J12-14 OS 2 KLEPPSTØ 3 KJØKKELVIK VADMYRA	J12-15 BJØRNAR 3 TYSNES KLEPPSTØ 2 SALHUS	G12-01 RIVAL 2 SALHUS NORE NESET BJØRNAR 2
---	---	---	--

G12-02 BREMNES BJØRNAR STORD 2 AVALDSNES 2	G12-03 SOLID OS 2 TERTNES AVALDSNES	G12-04 RIVAL 3 OS FYLLINGEN BJØRNAR	G12-05 AVALDSNES 3 FYLLINGEN 2 STORD RIVAL
--	---	---	--

J14-01 SOLID 2 STORD 5 LYSEKLOSTER	J14-02 ODDA ÅSANE 3 BJØRNAR 4	J14-03 FITJAR STORD 2 KVINNERAD SIF 2	J14-04 LYNGBØ KLEPPSTØ AVALDSNES 3 ÅSANE 2
---	--	---	--

J14-05 FYLLINGEN SOLID STORD 4 SIF	J14-06 SALHUS ÅKRA 2 NORE NESET 2 ØYGARD	J14-07 TERTNES OS 3 BRYNE BJØRNAR	J14-08 ODDA 2 ÅKRA FYLLINGEN 2 STORD
--	--	---	--

J14-09 AVALDSNES 4 ÅSANE TERTNES 2 BRONNDALEN 3	J14-10 OS 2 KJØKKELVIK BRONNDALEN AVALDSNES 2	J14-11 ØYGARD 2 STORD 3 RIVAL OS	J14-12 NORE NESET BJØRNAR 2 KVINNERAD 2 AVALDSNES
---	---	--	---

J14-13 BRONNDALEN 2 RIVAL 2 BJØRNAR 3 LYSEKLOSTER 2	G14-01 FYLLINGEN OS ÅSANE RIVAL	G14-02 ÅRSTAD AVALDSNES ØYGARD ASKØY	G14-03 NORNEN KVINNERAD STORD 2 SOLID
---	---	--	---

G14-04 ÅKRA STORD AVALDSNES 2	J16-01 TERTNES BRYNE RIVAL 2 FLORVÅG	J16-02 BJØRNAR KVINNERAD AVALDSNES BRYNE 2	J16-03 ØYGARD NORE NESET MALHERM STORD
--	--	--	--

J16-04 KOPERVIK KLEPPSTØ FITJAR NORE NESET 2	J16-05 STORD 2 BRONNDALEN ÅKRA SALHUS	J16-06 ODDA RIVAL LÅRKE ÅRSTAD	G16-01 BJØRNAR FLORVÅG OS
--	---	--	------------------------------------

G16-02 ODDA STORD AVALDSNES 2 ÅSANE	G16-03 RIVAL ÅRSTAD ØYGARD BJØRNAR 2	G16-04 AVALDSNES SALHUS VADMYRA	J16-01 HNNH STORD 2 NORE NESET
---	--	--	---

